Søknad

Søknadsnr.	2019-0079	**Søknadsår**	2019	**Arkivsak**
Støtteordning	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019			
Prosjektnavn	Styrka innovasjonsstruktur gjennom partnarskap			

Kort beskrivelse

Målet er å styrke organisering av innovasjonsstrukturen og samkøyre verktøy for innovasjon og verdiskaping. Partnarskapen skal utnytte dei ressursane og verkemidla ein til ei kvar tid rår over til å yte betre tenester til næringslivet og bidra til auka nyskaping, vekst og verdiskaping i bedriftene. Effektar vil blant anna være eit effektivt og sterkare innovasjonsapparat som kan ta på seg fleire oppgåver og som kan ha større betydning for utvikling av regionen.

Prosjektbeskrivelse

Stryn Næringshage, Nordfjordeid Næringshage, Sognefjorden Næringshage og Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane (Kunnskapsparken) går no saman gjennom felles «Partnarskapsavtale», (heretter Partnarskapen) i eit ønskje om å samle operatørskapet av næringshageprogrammet frå 3 til 1 programoperatørskap. Kunnskapsparken vil gjennom avtalen ha koordinerings- og operatøransvaret som felles programkoordinator.

Aktørane ser at ein ved å stå saman kan yte betre tenester til næringslivet gjennom større bredde i kompetanse, nettverk og verkemiddel.

Ein sterkare innovasjonsstruktur med større bredde og nedslagsfelt vil i enno større grad være i stand til å hente ut synergiar mellom innovasjonsvirkemiddel, nettverk og kompetanse på tvers av miljøa. Dette vil igjen komme små- og mellomstore bedrifter i heile regionen til gode. Partnarskapen kan i større grad ivareta rolla som bindeledd og tilretteleggingsaktørar, og bidra til å legge til rette for samhandling og læring mellom etablert næringsliv, gründerar, FoU-miljø, risikokapital og myndigheiter. Tett samhandling mellom desse aktørane har stor betydning for korleis næringslivet i regionen fornyar og utviklar seg. Dette er fordi auka samhandling mellom miljøa vil kunne gi større innovasjonshøgde i prosjekt, auka gjennomføringsevne og auka moglegheiter for internasjonalisering.

Ein framtidsretta modell

Både SIVA og Sogn og Fjordane fylkeskommune har følgt prosessen tett gjennom blant anna deltaking i styringsgruppa for Innovasjonsstruktur-prosjektet. Siva og næringsavdelinga ved fylkeskommunen stiller seg bak modellen, og meiner dette er ein god struktur for å møte framtidas behov og utvikle dei lokale innovasjonsselskapa (næringshagane).

Partnarskapen har ambisjon om å ta ei sentral rolle i den framtidige innovasjonsstrukturen i region Vestland. Modellen er tilrettelagt for å involvere fleire i partnarskapen utan at dette aukar kostnadane proporsjonalt.

Finansieringsbehov

Det er signert ein partnarskapsavtale som inneheld retningslinjer for partnarskapen der ein går til 1 felles programoperatør for næringshageprogrammet, og korleis dette blir gjennomført ihht gitte retningslinjer frå SIVA.

Det er eit vilkår for avtalen at Partnarane i fellesskap minimum får tilgang på ei fellesfinansiering/utvida grunnfinansiering dei neste 3 åra, til å utvikle Partnarskapen og handtere koordineringsrolla. Dersom dei økonomiske rammene ikkje er på eit tilstrekkeleg nivå vil det måtte drøftast innhald og leveranse i samsvar med avtalen.

Kunnskapsparken søker med dette, på vegne av partnarane Stryn Næringshage, Nordfjordeid Næringshage, Sognefjorden Næringshage og Kunnskapsparken, om støtte til å vidareutvikle og styrke innovasjonsstrukturen i regionen gjennom nemnde partnarskap.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS Org.nr:983562973	Trolladalen 30 6856 SOGNDAL	95206574
Kontakt-person	Kjetil Kvåle	Loftesnes 6856 SOGNDAL	95206574
Prosjekt-leder	Roger Ulvestad	Feiosvegen 471 6895 FEIOS	93817336

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja
2016: SIVA, kr 590.000

2017: INU-FSF - Utlysing restmidlar 2017, kr 400.000

Spesifikasjon

Bakgrunn

Næringshagane i Sogn og Fjordane som er tilknytt Siva sitt Næringshageprogram har i lag med Kunnskapsparken Sogn og Fjordane (heretter Kunnskapsparken) i 2017-2018 gjennomført eit "Innovasjonsstruktur"-prosjekt. Her har ein sett på korleis ein kan styrke innovasjonsmiljøet i Sogn og Fjordane og yte betre tenester til næringslivet. I prosjektet har næringshagane peika på eit ønskje om å gå frå tre til eitt programoperatørskap for Næringshageprogrammet i Sogn og Fjordane, med Kunnskapsparken som programkoordinator.

Kunnskapsparken har vore delaktiv i etableringa av fleire innovasjonsmiljø (Fram Flora, Stryn Næringshage, Inkubator Vest i Stryn, Sogn Næring, Gulen og Masfjorden Næringshage og Sognefjorden Næringshage, Stryn TechHub, Kaupus m.fl.) og ønskjer no også å bidra til å bygge opp ein endå sterkare og samstemt innovasjonsstruktur i fylket. Kunnskapsparken sine vedtekter § 3 stadfester at Kunnskapsparken gjennom dei nasjonale SIVA programma skal fungere som et nav i det lokale nettverket i fylket.

Prosjektmål
Målet med Partnarskapen er å styrke organisering av innovasjonsstrukturen, og samkøyre verktøy for innovasjon og verdiskaping. Partnarskapen skal utnytte dei ressursane og verkemidla ein til ei kvar tid rår over til å yte betre tenester til næringslivet og bidra til auka nyskaping, vekst og verdiskaping i bedriftene.

Visjon:

Ein effektiv innovasjonsstruktur for morgondagens næringsliv.

Hovudmål:

Betre tenester som bidreg til auka nyskaping, vekst og verdiskaping.

Delmål:

1. Bygge eit sterkare innovasjonsmiljø med større bredde i kompetanse og verkemiddel

2. Tydelegare og betre tenester som gjer at ein styrkar det lokale næringslivet med relevante tenester

3. Godt samspel som sikrar at bedriftene forstår dei ulike aktørane si rolle og kva ein kan bidra med

Forankring
Prosessen har frå byrjinga vore godt forankra hjå styra til dei ulike partnarane. Både Siva og næringsavdelinga ved Sogn og Fjordane fylkeskommune har følgt prosessen tett gjennom blant anna deltaking i styringsgruppa for Innovasjonsstruktur-prosjektet. Siva og fylkeskommunen stiller seg bak modellen, og meiner dette er ein god struktur for å møte framtidas behov og utvikle dei lokale innovasjonsselskapa (næringshagane).

Prosjektorganisering
Partnarskapsavtalen definerer ulike roller og omgrep som er viktig å tydeleggjere i arbeidet med gjennomføring av avtalen.

Partnarskapen er i fellesskap regional programoperatør, men operatøransvar i ny modell blir styrt gjennom felles programkoordinator som er Kunnskapsparken. Kunnskapsparken tek over programkoordinatoransvaret så snart fellesfinansiering/utvida grunnfinansiering er på plass. Basisfinansiering for resterande periode av Næringshageprogrammet for den enkelte deltakar framkjem av tilsegnsbrev frå Siva september 2018.

Ei viktig målsetting i Innovasjonsstrukturprosjektet er å sørge for at tenestene og tilboda som Næringshageprogrammet representerer, kjem heile fylket til gode. Slik det er i dag, har ikkje Sunnfjordregionen den same tilgangen til næringshagane som andre delar av fylket. Denne regionen er ein vesentleg del av dagens Sogn og Fjordane, og utgjer om lag 37% av sysselsette i Sogn og Fjordane. Næringslivet i regionen har ein variert næringsstruktur og stor del av små og mellomstore bedrifter. Partnarskapen søkte 1. november 2018 Siva om finansiering til næringshagesatsing i Sunnfjord. I godt samarbeid med Sunnfjord Utvikling og Fjaler Næringsutvikling fekk vi på plass 22 bedrifter som stiller seg bak søknaden og som ynskjer å bli målbedrifter. Siva innvilga ikkje søknaden i fyrste omgang, men partnarskapen vil jobbe vidare med å tilby næringshageprogrammet i Sunnfjordregionen

Programkoordinator

Kunnskapsparken vil gjennom avtalen ha koordinerings- og operatøransvaret som felles programkoordinator, og få tildelingsbrev frå Siva for næringshagane i Sogn og Fjordane. Oppgåvene som ligg til denne rolla er:

- Ivareta felles prosjektleiing og administrasjon av Næringshageprogrammet regionalt
- Motta og koordinere programtilskot og fellesmidlar på vegne av Partnarskapen
- Legge til rette for aktivitet og organisering som er angitt i denne avtalen
- Gi Partnarar tilgang til relevant informasjon/kompetanse
- Vere ansvarleg for felles prosjektleiing og prosessutvikling
- Kommunisere internt og eksternt felles prosess og resultat
- Rapportere eigen og Partnaranes drift/måloppnåing til Siva
- Delta på nasjonale og regionale møter i tilknyting til Næringshageprogrammet
- Arbeide for auka aktivitet og finansiering til fellesaktivitetar
- Sette av eigen dedikert ressurs til dette arbeidet, i forståelse med Partnarskapen

Kunnskapsparken vil gjennom avtalen stille inkubatorprogrammet tilgjengeleg for Partnarane, og utvikle dette saman med Partnarane ut mot det lokale næringslivet.

Partnar

Eit innovasjonsselskap som gjennom denne avtalen mottek tilskot for å utføre oppgåver i tråd med Næringshageprogrammet i eit avtalt område og omfang. Programkoordinator er også definert som ein partnar. Partnarane vil gjennom avtalen ha eit partnaransvar. Oppgåvene som ligg til denne rolla er:

- Bidra aktivt i utforming av felles mål, strategiar og handlingsplanar
- Etablere og arbeide aktivt for å nå individuelle og felles mål og strategiar
- Sørge for at målbedriftene får leveransen iht standard målbedriftsavtale
- Rapportere ein gong per månad til Programkoordinator etter avtalte parameter
- Delta aktivt på aktivitet og organisering som er angitt i denne avtalen
- Bidra til auka idéfangst for Partnarskapen
- Bidra til vidareutvikling av verktøy og metodar knytt til Næringshageprogrammet
- Delta på nasjonale og regionale møter i tilknyting til Næringshageprogrammet
- Arbeide for auka aktivitet og finansiering til fellesaktivitetar

Styringsgruppe

Det skal etablerast ei styringsgruppe som består av styreleiarane i innovasjonsselskapa i Partnarskapen. Siva og Fylkeskommunen har observatørstatus i styringsgruppa. Styringsgruppa skal kvart år godkjenne mål, strategiar og budsjett for partnarane og Partnarskapen, og for programmet før rapportering til Siva 1. desember. Styringsgruppa er vedtaksorgan på bruk av fleksible fellesmidlar knytt til Programmet.

Samarbeidspartnere
Dei involverte partnarane (3 næringshagar + Kunnskapsparken), fylkeskommunen og SIVA.

Aktiviteter
Partnarane forpliktar seg gjennom Partnarskapsavtalen å bidra til å utvikle felles mål og strategiplan for næringshagane i Sogn og Fjordane. Partnarane forpliktar seg til å sørge for at sin aktivitet er med å støtte opp under felles mål og strategiar.

Aktiviteten innanfor Partnarskapen skal organiserast slik at det støttar opp under hovudmål og delmål. Programkoordinator er ansvarleg for å sikre at slik organisering og struktur blir etablert, og Partnarane har ansvar og plikt til å delta på aktivetar som blir lagt opp i strukturen.

Hovudaktivitetar:

HA1: Utvikle partnarskapen, bygge kultur og sterkare fellesmiljø

Formål: Framstå som eit samla innovasjonsmiljø med felles mål og strategiar som kjem målbedriftene til gode gjennom større bredde i kompetanse, nettverk og verkemiddel. Dele erfaringar, kompetanse og utvikle felles prestasjonskultur.

Tiltak

- Utvilking av felles mål og strategiar

- Felles review/oppfølgingsmøter (måloppfølging)

- Fast informasjonsutveksling (koordinere idefangst og aktivitetar)

- Deling av fagkunnskap og erfaring

HA2: Samkøyre verktøy for innovasjon og verdiskaping

Formål: Sikre god koordinering mellom partnarskapen og andre innovasjons- og virkemiddelaktører i regionen, og tilrettelegge for tettare samhandling mellom gründerar, etablert næringsliv, FoU-miljø, kapitalmiljø og offentlege aktørar.

Tiltak:

- Felles aktivitetar under same profilering

- Fast informasjonsutveksling mot andre innovasjonsaktørar i regionen

- Utvikle nye fellessatsingar på tvers av geografi og bransjar

HA3: Utvikle framtidig tenestetilbod

Formål: Utvikle felles og framtidsretta tenestetilbod som kjem målbedriftene til gode

Tiltak:

- Utvikling av felles prosessar og verktøy

- Utviklingsaktivitetar fag/tenester

Målgrupper
Dagens partnarar: Stryn Næringshage, Nordfjordeid Næringshage, Sognefjorden Næringshage, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane.

Partnarskapen har ambisjon om å ta ei sentral rolle i den framtidige innovasjonsstrukturen i region Vestland. Modellen er tilrettelagt for å involvere fleire i partnarskapen utan at dette aukar kostnadane proporsjonalt.

Fylkeskommunen og Siva vil gjennom partnarskapen få ein koordiner muskel for utvikling og innovasjon. Effektar vil blant anna være eit effektivt og sterkare innovasjonsapparat som kan ta på seg fleire oppgåver og som kan ha større betydning for utvikling innovasjonsarbeid i Vestland.

Resultat
Partnarskapen vil arbeide for å oppnå fylgjande resultat:

- Felles strategiprosess i samband med oppstart
- Årleg gjennomføre 4 review/statusmøter per partnar med fokus på måloppnåing, læring og erfaringsutvekslingar
- Månadlege koordineringsmøter i Partnarskapen saman med inkubator, med fokus på informasjonsutveksling, status på målbedrifter, kompetansetilførsel, nettverk, og aktivitetar
- Inntil 2 felles fagmøter/kurs med fokus på kompetanseheving
- Kontinuerleg kommunikasjon, oppfølging og koordinering mot regionale og nasjonale innovasjonsaktørar (Siva, Fylkeskommune, FIN , Innovasjon Norge, Noregs forskingsråd)
- Felles profilering av Partnarskapen og målbedrifter
- Felles kompetansebase og aktivitetar
- Kontinuerleg utvikling av felles prosessar, verktøy og tenestetilbod
- Kontinuerleg utvikling av felles økosystem for partnarane
- Felles rapportering til Siva og fylkeskommune
- Utvikle gode samarbeidsmodellar med andre aktørar i innovasjonsstrukturen, til dømes kommunal fyrstelinjeteneste, Næringsselskap, Innovasjon Noreg, Regionalt Forskingsfond, fylkeskommune, klynger/nettverk, etc)

Effekter

Partnarskapen vil arbeide for å oppnå fylgjande effektar:

- Effektivt og sterkare innovasjonsapparat som kan ta på seg fleire oppgåver og kan ha større betydning for utvikling av regionen – ein koordinert muskel for utvikling og innovasjon
- Samkøyre aktivitetar og verktøy for innovasjon og verdiskaping som kjem næringslivet og regionen til gode
- Auka innovasjonskraft gjennom sterkare økosystem for innovasjon (tilrettelegging for tettare samhandling mellom gründerar, etablert næringsliv, kapitalmiljø, FoU-miljø og offentlege aktørar)
- Betre ressursutnytting innad Partnarskapen som gir meir effektiv drift og betre kompetanseutnytting
- Meir effektiv målstyring og kvalitetssikring
- Tydelegare strategiske satsingsområde
- Eit breiare og samla tenestetilbod
- Større nettverk lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt
- Sikre kontinuitet i miljøa og gjere dei mindre sårbare
- Auke samhandlinga og synergiar mellom oppstartsbedrifter og næringsliv på tvers av geografi og bransjar

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Felles aktivitetar under same profilering	165 000	220 000	220 000			605 000
Felles møteplass for informasjonsutveksling og kom	136 000	175 000	175 000			486 000
Felles prosjektleiing og administrasjon	275 000	350 000	350 000			975 000
Review/oppfølgingsmøter for utvikling av felles pr	79 000	158 000	158 000			395 000
Styringsgruppe	50 000	50 000	50 000			150 000
Utvikle nye fellessatsingar på tvers av geografi o	55 000	110 000	110 000			275 000
Utvikling av felles prosessar og verktøy	75 000	198 000	198 000			471 000
Utvikling/revisjon av felles mål og strategiar	110 000	30 000	30 000			170 000
Utviklingsaktivitetar fag/tenester	75 000	198 000	198 000			471 000
Sum kostnad	**1 020 000**	**1 489 000**	**1 489 000**			**3 998 000**

Finansieringsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Eigenfinansiering	510 000	744 500	744 500			1 999 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	510 000	744 500	744 500			1 999 000
Sum finansiering	**1 020 000**	**1 489 000**	**1 489 000**			**3 998 000**

Geografi

1400-Sogn og Fjordane

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
20181017 Vedlegg 1 Vedteken modell for organisering av nh.pdf	785 966	20.02.2019
20181024 Partnerskapsavtale signert.pdf	3 516 534	20.02.2019
Prosjektplan partnarskap.xlsx	15 733	26.02.2019
Sluttrapport Innovasjonsstruktur 27.02.2017.pdf	1 390 410	26.02.2019